

Nærings- og Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@fkf.dep.no

HØRINGSSVAR – FORSKRIFTEMDRINGER ANGÅNDE EKSPORT AV FISK OG FISKEVARER

Me viser til høyringsbrev av 13.2.2015.

Pelagisk Forening meiner at generisk marknadsføring er særskild viktig. Dette m.a. fordi stor eksport gjev høgare etterspurnad etter fisk, og er viktig for lønnsamt fiskeri. Pelagisk Forening er difor negativ til forslaget om å redusere avgifta på eksport av pelagisk fisk. Dersom departementet likevel finn å redusere avgifta bør reduksjonen vera så liten som råd er.

Pelagisk Forening er samd i at avgiftsnivået for kvitfisk ikkje bør endrast.

Når det gjeld oppdrettsfisk og skalldyr har ikkje Pelagisk Forening nokon meining, utover at reduksjon av avgifta på eit slag sjømat kan vera negativt for marknadsføringa av andre slags sjømat. Dette fordi nokre av Sjømatrådet sine utgifter ligg fast (t.d. til lokale og administrasjon). Dersom avgifta blir redusert for ein eller fleire grupper kan faste utgifter då måtte dekkast av avgift på andre slag sjømat.

Pelagisk Forening meiner òg at reduksjon av generisk marknadsføring, og auke av eksportørane sine merkevarer vil auka dei største produsentane sin posisjon i marknaden. Dette kan vera uheldig for innovasjon og etablering av nye merkevarer. Det kan òg visast til «Tveteråsrapporten» som sterkt vektlegg omsynet til innovasjon.

Det kan òg nemnast at alle fiskeeksportørar sjølvstendig står fritt til å marknadsføre sine produkt på eiga hand.

Pelagisk Forening er samd i at kompetanse må vektleggast ved val av styremedlemmar.

Pelagisk Forening meiner at det er uheldig at FHL kan foreslå fleirtalet av medlemmane til styret i Sjømatrådet. Pelagisk Forening meiner at kompetente folk frå fiskarane og/eller fiskeriorganisasjonane bør kunne foreslå styremedlemmar til plass i styret.

Pelagisk Forening meiner òg at det er uheldig med stor grad av tilsette i styret, særleg når ein ser at fiskerinæringa berre har rett til å nominere representant til ein styreplass. Fleire tilsettere representantar enn kva lova fastset som minimum kan medføre at det blir stilt spørsmål om omsynet til tilsette og Sjømatrådet som organisasjon blir vektlagt meir enn omsynet til Sjømatrådet sitt hovudformål, som er å auka eksporten av norsk sjømat. Pelagisk Forening meiner difor at det ikkje bør vera fleire tilsettere representantar i styret enn kva som er minimumskravet i aksjelova § 6-4.

Pelagisk Forening er såleis samd i høyringsforslaget om «å avvike at kun bestemte organisasjoner skal kunne fremme forslag til kandidater som er bindende for departementet» og at "foretak og organisasjoner i næringen" skal kunne fremja forslag om kandidatar til styret.

Det blir lagt til grunn at departementet faktisk vil leggja stor vekt på fiskerinæringa sine synspunkt, sjølv om departementet ikkje blir bunden av forslaga.

Pelagisk Forening meiner at det er viktig med rotasjon i styret, og er difor i mot fjerning av regelen om at vara- og styremedlemmar berre kan oppnemnast fira gonger.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller eitkvart er uklårt.

Bergen: 8.4.2015

Med vennleg helsing

Pelagisk Forening



Ask Økland
Advokat